



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 Vestnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	27.01.2020	10297/2020/REGULERINGSPLAN/1535	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	04.03.2020

## **Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsendring - tilkomstveg for byggefeltutbygging gbnr 44/6 og 11 - Remmembukta - fråsegn til varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfaglege merknader**

Jf. plan- og bygningslova § 12-14 endring og oppheving av reguleringsplan, kan Kommunestyret delegere mynde til vedta endring i gjeldande reguleringsplaner, når endringane i liten grad påverkar gjennomføringa av planen elles, ikkje går utover hovudrammene og ikkje grip inn i viktige natur- og friluftsområder.

Dersom det føreligg vesentlege innvendingar ved høyring vil endringa ikkje kunne bli gjennomført som ei mindre endring, men må bli behandla som ei vesentleg reguleringsendring.

### **Barn og unge**

Arealet som er avsett til intern ferdsel GT-2 og leik f\_BLK-1 er avgrensa. For at desse areala skal kunne fungere etter intensjonen må opparbeiding av desse bli sikra i ein tidleg fase av utbygginga. I plandokumentata må det være fastsett konkrete og bindande rekkefølgjeføresegn. Det bør ikkje kunne bli satt trafikk på intern køyreveg SKV2 eller opna for bruk av nya bustader innanfor planområdet før turvegen GT-2 og leikearealet f\_BLK-1 er opparbeida.

Leikearealet f\_BLK-1 er føreslått inneklemt mellom bustadtomtene BFS-3 og BFS-4 og ser ut til å være noko mindre enn leikearealet i gjeldande reguleringsplan. Samstundes er arealet avsett for turvegen GT-2 berre 3,5 meter breitt. Leikearealet ser likevel ut til å ha tilstrekkeleg bredde ut i frå minimumskravet på 10 meter (dette er ikkje kontrollmålt). Turvegen ser tilsvarande ut til å kunne fungere godt for ferdsel mellom vegane SKV-1 og 2 og til leikeplassen.

Både turveg GT-2 og leikearealet f\_BLK-1 krev særskilt tilrettelegging for at nærliggande eigedommar ikkje unødvendig skal privatisere desse. I føresegn og rekkefølgjeføresegn må det bli fastsett krav om gjerde og hekk og tilhøyrande krav om opparbeiding, for å skilje turveg GT-2 og leikearealet f\_BLK-1 frå dei private uteareal innafor byggeområda BFS-3, BFS-4 og BFS-5.

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, både i form av steinalderbuplassar og seinare jordbruksbusetnad. Delar av planområdet står fram som urørt, og området ligg godt skjerma i Remmemsbukta. Høgda over havet (ca. 10-15 moh.) inneber at strandlinja gjekk gjennom området i steinalderen, og det er påvist ein steinalderbupass på om lag same høgde som der Tresfjordbrua kjem i land. Her blei det også påvist bygningar og jordbruksbusetnad frå eldre jernalder. Sjølv om det aktuelle planområdet ikkje blei registrert før planvedtak i 1994, så vurderer vi potensialet til å vere så stort at det er grunnlag for å stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidligare år.

Det vil i dette området også vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som muleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føreset at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

### **KONKLUSJON**

Forslaget til endring av gjeldande reguleringsplan vil etter vår vurdering kunne bli gjennomført som ei mindre endring, dersom følgjande blir innarbeida i plandokumenta:

- Rekkefølgjeføresegn som sikrar opparbeiding av turvegen GT-2 og leikearealet f\_BLK-1, før det blir satt trafikk på intern køyreveg SKV-2 og opna for bruk av nye bustader innanfor planområdet.
- Føresegn og rekkefølgjeføresegn med krav om gjerde og hekk og tilhøyrande krav om opparbeiding, for å skilje turvegen GT-2 og leikearealet f\_BLK-1 frå private uteareal innafor byggeområda BFS-3, BFS-4 og BFS-5.

Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML) og ber om at vi blir kontakta for nærare avtale om gjennomføring.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 28 03 29

Kopi:  
Vestnes kommune  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal